



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Fjærland
Dato: 29.11.2023
Tidspunkt: 09:00

Velkomen til det sjette og siste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.

Møtet finn stad onsdag 29.november kl 09:00 på Fjærland Fjordstove, i Fjærland.

Det vert informasjon om dei siste resultatane frå Justice-prosjektet og Marthe Gjerde presenterer ein ny artikkel om Nigardsbreen.

Vi satsar på å vere ferdige til kl 14.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 36/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 37/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 38/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Krundalen - Restaurering av sel på Nyestølen - Anna Bergseth		2023/17348
ST 39/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Jua gard		2023/15616
ST 40/23	Jostedalsbreen National Park - Permission for geological sampling - Lodalskåpa - University of Lausanne		2023/16635
ST 41/23	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2024		2023/17671
ST 42/23	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2023		2023/17334
ST 43/23	Delegerte saker		
RS 6/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Sauesank - Skarnovi - Kjell Jarle Bruheim		2023/15071
RS 7/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Sauesank - Svartebotnen - Rasmus Drageset		2023/15829
RS 8/23	Vedtak - Dispensasjon - Utsett frist - ferdigstilling og ekstra løyve - helikoptertransport - restaurering - sel - Sunndalsætra - Vivian Guddal		2022/545
ST 44/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		

Orienteringssaker

1. Årsrapport frå SNO Jostedalsbreen
2. Geologirapport frå A. Nesje
3. Nytt bilete til framside på nasjonalparkbrosjyren
4. Statusrapport innfallsport Tungestølen
5. Statusrapport innfallsport Bøyabreen
6. Statusrapport innfallsport Supphellebreen
7. Skiltprosjekt Skålastien
8. Mediesaker sidan sist

ST 36/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 37/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2023/17348-0
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	38/23	29.11.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Krundalen - Restaurering av sel på Nyestølen - Anna Bergseth

Innstilling frå forvaltar

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette Anna Bergseth løyve til å restaurere selet sitt på Nyestølen, tilhøyrande gnr 211 bnr 1, i Luster kommune.

Løyvet gjeld rehabilitering med fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast så tett opp mot eksisterande material- og fargebruk som mogeleg.
2. Selet skal ha same takvinkel og takutstikk som i dag.
3. Selet skal kledast med ståande kledning som i dag.
4. Til kledning skal det nyttast ufalsa, rettskoren kledning, ikkje villmarkspanel.
5. Ved eventuell utskifting av vindauge eller dører skal dei vere av same storleik, utforming og materialbruk, og ha same plassering på veggen. Vindauga skal ha sprosser som i dag.
6. Taket skal vere av bølgeblikk med nøytral, matt farge som i liten grad reflekterer sola.
7. Materialar skal lagrast forsvarleg og rivingsavfall skal takast hand om slik at dei ikkje vert eit forsøplingsproblem.
8. Alt rivingsavfall, med unntak av reint trevirke som kan brennast i omn, skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak innan 01.11.2026.
9. Løyve til restaurering gjeld til og med 01.11.2026.
10. Rapport og bilete skal sendast nasjonalparkforvaltar ved avslutta prosjekt, seinast innan 01.12.2026.

I medhald av verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til motorferdsle med snøskuter til Nyestølen med materialer og utstyr til restaurering av selet tilhøyrande gnr 211 bnr 1, samt utkøyring av rivingsmateriell i same prosjekt, på fylgjande vilkår:



1. Inntil 10 turar med snøskuter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til Nyestølen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att. Løyve til eventuelt fleire turar kan avgjerast delegert av nasjonalparksekretariatet.
2. Flyginga skal ikkje skje på søndagar, heilagdagane og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftsliv.
3. Dagen før planlagt køyring skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar Trygve Snøtun (tlf 95 79 44 84) kontaktast pr. sms eller telefon.
4. Skuterløyvet gjeld fram til 01.05.2026.

Minner om at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderar tiltaket etter verneforskrifta. Søkjar må kontakte Luster kommune for vurdering etter plan- og byggingsslova og motorferdslova.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå Anna Bergseth, datert 21.10.2023.
- Bilete av selet på Nyestølen, datert 22.10.2023.
- Stølar og stølsliv i Luster kommune – Kåre Øvregard, 1999.
- Telefonkontakt med søkjar, 07.11.2023.
- Telefonkontakt med Inga Lindstrøm, Kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Søknaden

Anna Bergseth søker om løyve til restaurering/vedlikehald av selet tilhøyrande gnr. 211 bnr 1 på Nyestølen i Krundalen i Luster kommune.

«Eg har eit sel som står på Nyestølen, Bergsetdalen i Jostedalen. Stølen ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark.»

Litt om stølen:

Nyestølen vart rydda, bygt sel og fjøsar og teken i bruk som fjellstøl for tre av bruka på garden Bergset i 1922, etter at breen då hadde trekt seg attende. Før den tid hadde bruka på Bergset eit omflakkande stølsliv pga at breane voks fram på 1700 og 1800 talet og tok fjellstølen som då truleg låg i Tufteskaret ved Tuftebreen.

På Nyestølen hadde tre av bruka på Bergset kvar sitt sel og kvar sin fjøs. No er det berre selet mitt som står att, men tuftene etter dei to andre seli og alle fjøsane er enno godt synlege.

Stølen var i bruk til fram til ca 1944. Det var nok dårlege forhold for stølsdrift etter at breen nyleg hadde lege der, så to av bruka flytte stølsdrifta attende til Sandhaugedalen i Fåberg der dei flytta ifrå i 1922.



Restaureringa:

Selet hart vore oppussa og vedlikehalde opp gjennom åra, men er no i så dårleg forfatning at eg ønskjer å reparere/restaurere selet utvendig.

Taket må skiftast - selet står under ein stor stein (vern mot snøskred). Enkelte år heng det snø/is utover på steinen og dette dett ned på selet. Difor er det no takåsar som er knekte og bølgeblekket har og fått skadar.

Kledninga på heile selet må skiftast - har mykje råteskadar nedst.

Vindaugene har me tenkt å reparere og bruke oppatt (håpar dei ikkje er for dårlege til det).

Me har tenkt å bruke same type kledning som er der. Selet vil bli måla oppatt i same farge.

Ingenting blir endra, selet blir som det er no.

Opprinneleg var selet større, selet hadde skotet mot aust - det syner på murane og restar av kokeringen står att.

Håpar de er positive til dette, alternativt vil forfallet halde fram og ein viktig del av stølshistoria til Nyestølen vil bli vekke.

Om eg får ei positiv tilbakemelding, ønskjer eg og å køyre materialar m.m. til støls med snøscooter i vinter. Har tenkt å leige transport av den som har løyve til leigekøyring i området.

Eg ber difor om og håpar eg får løyve til nokre turar med snøscooter i Bergsetdalen i vinter, utpå vinteren ein gong når det er snøforhold til det.»







Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i kapittel IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...)*. I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast*. Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...)* kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. *Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området*.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til



hytter m.m., jf. verneforskrifta kapittel IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml).

Vurdering

Støls historia til dei inste gardane i Krundalen er svært dramatisk. Tuftebreen øydela den gamle fjellstølen ved Tuftebreskaret tidleg på 1700-talet. Dei fekk då lov å støle i Geisdalen ein periode, men der vart sela tekne av snøskred. Frå kring 1730 vart gardsbruka inst i Krundalen gjevne stølsrett til Sandhaugedalen, som ligg eit godt ein god veg frå bruka. Gardsbruka på Bergset etablerte i 1922 ein ny fjellstøl i Krundalen som vart kalla Nyestølen. Det vart bygd tre sel og ein fjøs her, men denne var berre i bruk i kring 20 år. I dag er det berre att eitt sel på denne stølen, og det er dette som er omsøkt i denne saka.

Selet har vore tatt vare på gjennom åra, men treng no vedlikehald. Området er utsett for snøskred, noko også plasseringa syner då selet er plassert i le av ei stor steinblokk. På denne steinblokka dannar det seg skavlar som dett ned på taket, noko som har gitt skadar på takåsane og bølgeblekk. Vidare har kledninga fått råteskadar. Vindauga ønskjer søkjar å reparere og bruke vidare, om tilstanden tillet det.

Søkjar seier at selet ikkje skal endrast på utsida, med same storleik, kledning og farge som tidlegare. Inga Lindstrøm i kulturarvseksjonen i Vestland fylkeskommune tilrår å nytte linoljemaling, då dette gjer at kledninga er diffusjonsopen og «pustar». Dette kan gjere at kledninga rotnar saktare. Ein del bølgeblekkplater er skada og må bytast ut, men desse er planlagt å ha nøytral, matt farge (personleg meddelt).

Det blir også søkt om transport av material og utstyr til restaureringsarbeidet, og at transporten er planlagt gjennom leigekøyringsordninga til Luster kommune.

Forvaltar meiner det er positivt at søkjar ønskjer å ta vare på selet på Nyestølen. Historia kring stølane og dei vanskelege naturtilhøva ved breane, særskilt under «den vesle istida», gjer seg gjeldande her. Dette er det siste selet som står i dag, og såleis eit viktig kulturminne som er positivt at blir tatt vare på.

Slik søkjar omtalar tiltaket, kan det også vurderast som vedlikehald, og såleis ikkje vere søknadspliktig. Men på grunn av omfanget av restaureringa/vedlikehaldet har forvaltar bede om ein søknad. All kledning og mykje av taket skal fiksast. Det er difor viktig at dette blir gjort etter tradisjonell byggeskikk.

I forvaltningsplanen punkt 7.2.5. *Kulturminne og bygningar* står det mellom anna at: «*...Forvaltningsstyresmakta kan ikkje stå for vedlikehald og restaurering av grunneigarane sine bygningar. Vi er difor avhengige av at eigarane sjølv tek vare på stølshus og fjøsar innanfor og i randsonene til nasjonalparken. I samarbeid med fylkeskultursjefen vil vi bidra*



med kunnskap om byggjeskikk og råd ved (om-)bygging og restaurering av stølshus og fjøsar innanfor og utafor nasjonalparken.»

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Nyestølen. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningsline for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*»

Søkjær ønskjer også å få frakta material og utstyr til Nyestølen med snøskuter gjennom leigekøyringsordninga til Luster kommune. Sidan det er einaste sel og generelt lite motorisert ferdsel i området, er ikkje søkjær eller forvaltar kjent med nokon det kan vere aktuelt å samkoordinere seg med. Området er relativt flatt og eignar seg til frakt på vinteren. Om vinteren er det mindre folk i området og ikkje beitedyr. I tillegg til å frakte utstyr inn, er det viktig å frakte avfall ut frå nasjonalparken.

Bygningsmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane i Luster er godt kartlagt, m.a. i samband med boka Stølar og stølsliv i Luster kommune av Kåre Øvregard i 1999. Difor er kunnskapen om kulturminne og bygningsmiljø på Nyestølen god (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda og bygningane på stølen er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Vilkkåret i forskrifta om at *alle endringar på bygg skal være i tråd med byggeskikken på staden og tilpassast landskapet i området*, vert vurdert av forvaltar til å være oppfylt.

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljøet som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla (målt, beisa, impregnert, m.m.) trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastninga av støy og uro frå snøskuter vil vere merkbar i byggjeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg.

Søkjær har ikkje sagt når det er planlagt å vere ferdig, men ønskjer å starte med transport av materialar vinteren 2024. Forvaltar meiner at innan 2026 bør ein rekne med at arbeidet er ferdig gjennomført.

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å leggje til rette for god ivaretaking av stølsmiljøa, som til dømes på Nyestølen. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*» Søkjær ønskjer ikkje å endre noko av uttrykket på selet, men heller å byte ut material som er øydelagt. Forvaltar har vurdert det til å vere vedlikehald då det ikkje er planlagt at det skal vere endringar. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt (jf. nml. § 8). Ein



føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Vilkår i forskrifta om at alle endringar på bygg skal være i tråd med byggeskikken på staden, vert vurdert av forvaltar såleis til å være oppfylt. Det er likevel viktig at muren ikkje vert endra. Det skal framleis være tørrmura naturstein som skal være synleg på fasaden, slik som det var opphavleg. Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla (målt, beisa, impregnert, m.m.) trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11). Den samla belastninga av støy og uro frå snøskuter vil vere merkbar i byggjeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Søkjar ønskjer å gjennomføre transporten på vinteren, då det er lite anna aktivitet i området på denne tida. Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Om det blir trong for fleire turar med snøskuter, kan søkjar melde dette inn til forvaltninga i god tid før planlagt transport, så kan utviding av tal turar vurderast med delegert mynde.



Arkivsaksnr: 2023/15616-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 18.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	39/23	29.11.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Jua gard

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev Jua Gard løyve til å nytte det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark etter designmanualen for Noregs nasjonalparker. Jua Gard driv med mjølkegeit og sau. Dei foredlar og sel kjøtprodukt og skinn av sau og geit som beitar i Sunndalen og områda rundt. Jua Gard støttar kriteria for bruk av merket.

Avtalen for bruk av den kommersielle logoen har forpliktande vilkår, og løyvet til bruk kan ved misbruk trekkjast tilbake. Avtalen skal signerast av styreleiar.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark, vedteken av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret 30.03.2023
- Designmanual for Norges nasjonalparker - <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>
- Søknad frå Jua Gard - datert 14.10.2023

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har fått søknad frå Jua Gard om å nytte logoen til Jostedalsbreen nasjonalpark til kommersielt bruk for produkta som blir produsert og foredla på garden. Jua Gard har sau og mjølkegeit. Geitene beitar langs Sunndalsvegen, ein av innfallsportane til nasjonalparken. Sauene har sommarbeite i nasjonalparken. Jua Gard produserer og sel ulike produkt av kjøt og skinn. For meir informasjon om Jua Gard sjå www.juagard.com.



Jua Gard søker om å bruke to ulike kategoriar av merket. For produkt av sau ynskjer dei å bruke kategorien *KJEM FRÅ*. For produkt av geit ynskjer dei å nytte kategorien *VED*, sjå figur 1. Språket dei ynskjer å nytte er nynorsk.

I designmanualen for Noregs nasjonalparkar er lagt til rette for at verksemder som geografisk kan knytast til ein nasjonalpark kan søkje om løyve frå nasjonalparkstyra om å nytte eit spesiallaga merke. Det kommersielle merket/logoen frå nasjonalparken skal nyttast saman med verksemda sin eigen logo i marknadsføring av eit produkt, teneste eller aktivitet. Nasjonalparkstyret skal handsame søknader om kommersiell bruk av merkevara Noregs nasjonalparkar og er dei som kan gje tillating. Nasjonalparken må ha godkjent besøksstrategi før løyve til bruk av kommersielt merke/logo kan gjevast.



Figur 1 Døme på merke dei tre kategoriane som kan søkjast om: Kategori opphav, kategori aktivitet og kategori lokalisering.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok i mars 2022 ein rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo for Jostedalsbreen nasjonalpark. Rettleiaren byggjer på det som står i designmanualen for Norges nasjonalparkar.

I designmanualen for Noregs nasjonalparkar går det fram at verksemder som har utgangspunkt i eller ved ein nasjonalpark kan nytte det kommersielle merket etter søknad til forvaltingsstyresmakta. Merket skal kunne nyttast til marknadsføring av til dømes eit produkt og seie noko om geografisk tilknytning til ein nasjonalpark. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer heller ikkje ei godkjenning eller finansiell støtte frå nasjonalparkstyret.



Kriterier for bruk av kommersielt merke:

- Det kommersielle merket skal ikkje nyttast på ein måte som kan skade omdømme til Noregs nasjonalparkar, eller stride mot retningslinjer eller føremål for nasjonalparken.
- Verksemda sin eigen logo skal alltid vere saman med nasjonalparken sin kommersielle logo for å vise kven som står bak produktet.
- Merket skal ikkje endrast i form, tekst og utsjånad.
- Merket kan ikkje seljast vidare eller distribuerast til tredjepart.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyve til bruk trekkast tilbake.

Logoen til Noregs nasjonalparkar reknast som ein verdfull ressurs, der misbruk kan øydelegge verdien av denne. Difor skal det signerast bindande avtale, der kriteria går fram og som sikrar ein respektfull bruk av merket. Berre dei som har søkt om og fått løyve skal kunne nytte merket.

Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre står relativt fritt til å tillate bruk av det kommersielle merket i designmanualen for Noregs nasjonalparkar så lenge verksemda geografisk høyrer til området, ikkje skadar omdømet til Noregs nasjonalparkar eller strir mot nasjonalparkens retningslinjer eller føremål.

Jua Gard er den andre verksemda kring Jostedalsbreen nasjonalpark som har søkt om å nytte det kommersielle merket til Noregs nasjonalparkar. Så langt forvaltar kan sjå, stettar verksemda kriteria som er sett for bruk av merket. Jua Gard foredlar kjøtprodukt og skinn frå eigen produksjon av sau og geit som beitar i og nær opptil Jostedalsbreen nasjonalpark i Sunndalen og områda rundt.

Verksemda representerer utmarksbruk i eit krevjande terreng, gamle tradisjonar og naturlege produkt kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Beitet som sauene og geitene utfører i og rundt nasjonalparken er med på å ta vare på det verdfulle kulturlandskapet i Sunndalen og områda rundt. Jua Gard vil såleis vere ein god kandidat til å nytte det kommersielle merket til Jostedalsbreen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2023/16635-0
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	40/23	29.11.2023

Jostedalsbreen National Park - Permission for geological sampling - Lodalskåpa - University of Lausanne

Recommended decision from the administration

Post-doctoral researcher Dr. Christoph Schmidt of the University of Lausanne, Switzerland, is granted exemption to perform sampling of rocks for scientific research in Jostedalsbreen National Park. Permission is given for a maximum number of 6 rock samples from the top part of the peak Lodalskåpa (2083 m a.s.l.). Exemption is given pursuant to Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova') § 48.

The permit applies with the following conditions:

- The permission is granted for the period 20 June to 31 October 2024.
- A total number of maximum 6 rock samples are granted.
- Sampling must be done with special care, as to minimize negative impact on the landscape.
- Rocks shall not be sampled from exposed, flat areas, and the applicant should leave as little scars in the landscape as possible. Preferably, samples are extracted from cracks or similar features already present in the landscape.
- In those cases where digging is necessary, vegetation must be put in place after sampling.
- Rock samples shall not be extracted closer than 30 meters to any eventual hiking trails.
- Each sample may be up to 4 kg of rock.
- All sample localities shall be documented with photographs showing before and after sampling and GPS coordinates. This information shall be presented in a report that must be sent to the Board of Jostedalsbreen National Park, which shall also be informed when the fieldwork is completed - jostedalsbreen@statsforvalteren.no
- All litter shall be carried out of the National Park.



Background

Relevant documents:

- E-mail from Dr. Christoph Schmidt with application for permit for geological sampling in Jostedalsbreen National Park, dated 3 November 2023.
- Regulations for Jostedalsbreen National Park, dated 25 October 1991.
- Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova'), dated 19 June 2009.

The application

The administration for the Board of Jostedalsbreen National Park received a request for information about regulations regarding sampling rocks within the national park from Dr. Christoph Schmidt, a researcher at the University of Lausanne, Switzerland. Dr. Schmidt is the principal investigator of a research project funded by the Swiss National Science Foundation. The project use luminescence signals of natural minerals in bedrock to reconstruct atmospheric temperatures of the past 20,000 to 30,000 years. They are aiming to reconstruct latitudinal temperature variations across the last Glacial-Interglacial transition along a transect on the northern hemisphere.

The project already sampled in Eastern Africa and Central Europe, and now wants to sample from the northernmost location that has not been covered by glaciers during the Last Glacial Maximum. *“According to our research, the Lodalskåpa in the Jostedalsbreen National Park could be a good sampling location for our purposes.”*

“The conditions for sampling resemble very much those for thermochronology (see the permit for Dr. Maxim Bernard, granted last year), i.e. we intend to collect a maximum of 6 bedrock samples of about 4 kg (to extract enough quartz and feldspar crystals for the analyses) from the top part of Lodalskåpa (to reduce the chance that the bedrock was covered by glaciers). Our sampling strategy seeks to minimise the impact on the environment (e.g., due to sampling scars) and does not involve collection of biological samples. To extract bedrock samples, we will make use of already existing cracks and weaknesses in the rock and preferentially target vertical rock surfaces. To explore the effect of different exposure, we intend to take samples from various rock faces (north, south etc.).”

“To make use of the summer months, we would like to conduct fieldwork preferentially in August next year. My PhD student Salome Oehler and I are already in contact to trekking agencies to organise the ascent to Lodalskåpa (in a 2-days tour), and we intend to collect the samples while being on the trekking tour.”

The Board of Jostedalsbreen National Park had a similar application that was granted in 2022 from the Potsdam University (our archive number 2022/7100).




Figure 1: Map of the northern part of Jostedalsbreen, with the Lodalskåpa peak in the middle. All samples are planned taken around the upper part of the peak.

National Park regulations

According to regulations within the national park, it is forbidden to break loose rock and minerals (cf. section IV):

"[...] Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. [...]"



Any exemption must be provided by the Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova'; nml) § 48 (exemption from a protection decision), and in this particular case, by the first paragraph, first alternative:

"The administrative authority may grant exemption from a protection decision if it is not contrary to the purpose of the protection decision and cannot make a significant impact on the conservation value, or if safety considerations or important public interests make it necessary." (our underlining).

The applied dispensation from the protection regulation for Jostedalsbreen National Park must be treated by the general exemption in nml § 48, first paragraph, first alternative. This edict set two conditions for when a dispensation can be given. The applied action shall not affect the conservation values noticeably, and the action must not go against the goal of the protection.

This edict is a so called can-edict, which means that a concrete evaluation is made of whether or not a dispensation shall be given if the conditions are met. When deciding if a dispensation will be given, an individual evaluation is made looking at magnitude, environmental effect, and necessity of the applied action. Dispensation will only be given in cases where the effects on the conservation values are insignificant or restricted.

The applicant is responsible for necessary permissions from landowner(s).

In processing the application with nml § 48 one must also consider the environmental principles in nml §§ 8 – 12.

Consideration

A permission will have to be granted according to section 48 in the Nature Diversity Act, which replace the National Park statues, pt. VI.

According to the Nature Diversity Act, § 48, an exception from the national park regulations can be made if the activity is not ambivalent to the purpose of the national park, and as long as it will not substantially influence the nature. The purpose of Jostedalsbreen National Park is, among others, to protect a large, varied, and valuable glaciated area with its associated areas stretching from lowlands to high-altitude mountainous regions, with its flora and fauna and geological features in original condition. Also, the national park shall be a place for simple outdoor life. From the national park regulations, chapter III:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.[...]» (our underlining).

The geology in the national park is an important objective to the protection of the area and must therefore be preserved. This particular application may be compared to a former application for rock sampling for thermochronological purposes that was permitted by the National Park Board in 2018 and 2022, our archive number 2022/7100 and 2018/2643. It is there assessed that the volume of rock samples permitted is relatively small enough to not



inflict 'notable influence' on the natural environment. In the former cases, 2022/7100 and 2018/2643, a total number of 7 and 9 rock samples up to 3 and 4 kg each was permitted. The application from Dr. Schmidt involves up to 6 samples, yet, the administration assess that the total volume applied for is well within reasonable amounts and that the sampling will not affect the conservation values noticeably. Conditions are met and nml § 48 may permit a dispensation. The legal basis for a permit is present, and one must further assess if it is professionally advisable to permit a dispensation.

The sampling strategy is to collect up to 4 kg of rocks using hammers to ensure enough amount of apatite resulting from the mineral separation process. The administration assess that for this particular application and subsequent laboratory procedure up to 4 kg of rocks at each of the 6 localities should be allowed. Samples should be collected from outcrops where there are cracks or similar features already present. The administration further encourage that sampling sites are carefully selected and leave as little scars in the landscape as possible, and sampling should not be conducted from exposed, flat areas. Likely, there will be scars in the landscape from this, but the marks will likely be small, not clearly visible, and only visible from a short distance. There is no need of motorized transportation or motorized tools for the necessary field work.

The knowledge base for this application (cf. nml § 8) is satisfactory. The applicant has written a thorough proposal with a link to the project: <https://data.snf.ch/grants/grant/204236>. In the application and the web site the project is explained. It is not expected that the sampling will affect vulnerable nature or conservation values. The precautionary principle in nml § 9 needs not to be emphasized.

According to nml § 12 one shall avoid or limit harm to the nature diversity based on operating method, technique, and localization that based on a collected evaluation gives the best results for the community. Dr. Schmidt and colleagues has chosen sample localities within the national park's border due to geological circumstances and will apply only hand power and hammers when sampling. The administration set terms that flat and exposed areas that are easily visible sites for visitors to the national park, shall not be sampled, as well as terms of photographic documentation of all sample sites. Nml § 12 is met.

Rather, one should stop and consider nml § 10, which involves ecosystem approach and total load of both the applied-for action as well as potential future applications. One must then assess the potential precedence of a permit; if one applicant is allowed something, others must thereafter be confident that they are also allowed similar permits. Previously, sampling for this particular methodology has been allowed. Nevertheless, the administration finds the amount of rocks applied for here tolerable and not forming any potential problematic precedence at a later point in time. Nml § 10 is thus assessed and met.

According to naturmangfaldlova § 11 it is the part initiating an activity that has to cover the cost to avoid or limit harm to the nature diversity the activity may cause. This is not of relevance here.

Scientific research in Jostedalsbreen National Park is permitted. In the management plan for Jostedalsbreen National Park scientific research is regarded as valuable in order to increase knowledge of nature, with a precaution that the activity does not impact the conservation



values. In this case the National Park Manager evaluate the impact on nature as small, and the advantages of the research as exceeding the disadvantage for nature, as the impact will be small, and the terms set establish that any eventual scars in the landscape should be kept to a minimum. Knowledge produced in this project will give valuable insight on the evolution of the climate and geology (which is part of the purpose of the protection) of the national park. The exemption from the regulations is given pursuant to nml § 48 and does not conflict with nml §§ 8-12. The administration therefore advises to permit the application.



Arkivsaksnr: 2023/17671-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 23.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	41/23	29.11.2023

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2024

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2024 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/Februar: Styremøte
- Mars: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Juni: Styremøte med synfaring
- August: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- November: Styremøte (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2024 på Kr 322 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 98 000,- i planmidlar. Samla budsjett til drifts- og planmidlar er kr 420 000,-.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2024. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024 – Brev frå Miljødirektoratet datert 13.11.2023
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjeldande frå 01.januar 2020



Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2023 har det vore seks møte, alle fysiske møte. Møta i år har vore i mars, mai, juni, august, oktober og november.

I 2024 vonar vi at nasjonalparkstyret endeleg skal kunne vedta revidert forvaltningsplan. Arbeidet med revideringa har, av ulike årsaker, gått føre seg over fleire år, men har stoppa opp dei siste to åra og det må takast tak att i dette i 2024. Sekretariatet ønskjer at utkastet vert drøfta av styret før det vert oversendt Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang i løpet av våren. Deretter skal dokumentet på høyring før endeleg godkjenning og vedtak.

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det blir naturleg å leggje inn synfaringar og overnatting i samband med styremøte i juni og august.

I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler (...) i ESS. Dette gjelder følgende:

- *Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)*
- *Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder*

Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2023 var på kr 275 000,- (2022: kr 320 000). Dette har inkludert både utgifter til møte, synfaringar og dekking av reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval. Vi bruker truleg litt mindre midlar i 2023 enn budsjettet, i hovudsak gjeld dette midlar som var tenkt nytta til i samband med revidering av forvaltningsplanen Skjøtselsplan for Befringsdalen vart sett i gang i 2023 og midlane nytta.

Vurdering

Sekretariatet legg fram eit budsjett på kr 322 000,- til styrets drift i 2024. År 2024 vonar vi nasjonalparkstyret endeleg kan vedta revidert forvaltningsplan, noko som også krev tid til å drøfte dette omfattande dokumentet. Forvaltarane satsar på fysiske møter i 2024, og legg dette til grunn for møteplanen.

Til fyrste styremøte i 2024 vil sekretariatet innhente kommunane sine møteplanar og utarbeide eit meir detaljert framlegg til møteplan med konkrete datoar.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Driftbudsjett Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2024_forslag											
Møtegodtgjersle					Timeforbruk						
Sats leiar (kr/t) 685					* = inkl. 2 timar til førebuing						
Sats øvrige (kr/t) 518					som møtets varighet						
Skisse til møteplan											
Styremøte	Møtedato	Type	Tal timar *	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar	
	Februar	Styremøte	6	6	6	4 110	30	15 540	19 650	Bestillingsmøte 2	
	Mars	Styremøte	6	6	6	4 110	30	15 540	19 650		
	Juni	Styremøte med synfaring	8	6	8	5 480	40	20 720	26 200		
	August	Styremøte med synfaring	8	6	8	5 480	40	20 720	26 200		
	Oktober	Styremøte med RU	8	6	8	5 480	40	20 720	26 200		
	November	Styremøte m/overnatting	6	6	6	4 110	30	15 540	19 650	Bestillingsmøte 1	
		Tapt arbeidsforteneste					0		15 000		
Sum møtegodtgjersle									152 550		
Kostnader til møte		Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, servering m.v.)							40 000		
		Tre kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj el. Middag							50 000		
		Reisegodtgjersle: 6 møter, 6 repr., 1200 per repr.							43 200		
Sum:									133 200		
Studiatur									0		
Rådgjevande utval:		Reisekostnader: 1 møte, 16 repr., 1000 per repr.							16000		
		Møtekostnader: Leige av møterom pluss servering							20000		
Sum:									36000		
Driftbudsjett totalt Jostedalsbreen									321 750		

Sekretariatet føreslår av det vert budsjettert med kr 98 000,- til planarbeid. Det betyr at det ikkje er planlagt å bestille nye skjøtelsplanar eller sårbarheitsanalysar i 2024.

Det er i 2024 viktig å gjere eit framstøyt for å fullføre revidering av forvaltningsplanen. Ein sum på kr 80 000,- er meint å dekkje utgifter til høyringsrundar for forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene, bygdemøte og trykking av nokre eksemplar til utdeling. Besøksstrategien som vart ferdig i 2021 skal vere eit vedlegg til den reviderte forvaltningsplanen.

Det og sett opp nokre mindre postar i driftsbudsjettet til drift av nettsider og medlemskap i organisasjonen Europarc.

Samla budsjett for drifts og planmidlar er sett til kr 420 000,-.

	Budsjett 2023	Merknader
Driftsutgifter for styre og utval		
Møtegodtgjersle styret	153000	Sjå eige oppsett
Reiseutgifter styret	43000	Sjå eige oppsett
Møteutgifter styret of møte/reise for rådgjevande utval	126000	Sjå eige oppsett
Sum	322000	
Planarbeid		
Høyringsrunde forvaltningsplan, bygdemøter, annonsering, trykking	80000	Kjøp av tenester
Drift av nettsider	10000	Kjøp av tenester
Europarc	8000	Kjøp av tenester
Sum	98000	
Total sum	420000	



Arkivsaksnr: 2023/17334-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 23.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	42/23	29.11.2023

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2023

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek *Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2024* slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2024 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Dokument i saka

- Brev frå Miljødirektoratet av 13.11.2023 - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyret - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 (2021)



Saksopplysningar

Klima- og miljødepartementet sin *handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda* (2019) og i *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025* sett rammer for kva tiltak som kan søkjast tiltaksmidler til.

Det har i saksførebuinga vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO.

Status og gjennomførte tiltak i 2023

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i 2023 hatt svært mange tiltak på tiltaksplanen. Det har vore vanskeleg å rekke over alle tiltaka som var planlagt. Det dårlege været på ettersommar og tidleg haust la heller ikkje til rette for aktivt skjøtselsarbeid. Nedanfor følgjer ein kort oppsummering av status på tiltak som var prioritert i tiltaksplanen for 2023.

1. Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Sunndalen. Kom seint i gang med dette arbeidet i 2023. Møte med beitebrukarar/grunneigarar gjennomført i august. Skjøtselsarbeid starta opp hausten 2023. Innkjøp av slåmaskin til stell av stølsvoll.
2. Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Erdalen. Enkelte tiltak i skjøtselsplanen er gjennomført. Sperregjerde og ny grind oppsett. Utbeta eit parti av driftevegen, nær setra. Innkjøp av slåmaskin til stell av stølsvoll.
3. Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Bødalen. Kom seint i gang med dette arbeidet i 2023. Møte med beitebrukarar/grunneigarar gjennomført i september.
4. Plan for utbetring av sti Supphelleskaret. Planlegging av ny bru ved Supphellebreen gjennomført. Omlegging av sti planlagt. Utført.
5. Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen. Tiltaket er ikkje gjennomført i 2023. Bør gjerast i 2024.
6. Skilting og sikring Kattanakken. Tiltak er ikkje gjennomført i 2024, grunna dårleg vær. Bør gjerast i 2024.
7. Tilrettelegging av info- og startpunkt Tungestølen. Arbeidet starta opp på ettersommaren. Området planert. Gjerde og ferist er kjøpt inn og montert. Cortenstål til innramming av infopunkt er kjøpt inn, monterast juni 2024 saman med oppsetting av skilt. Ferdigstilling av info- og startpunkt før sommaren 2024.
8. Utforming innhald og oppsetjing av infotavler. Prosjektet er forseinka, men det vil verte jobba med innhaldsproduksjon i vinter for oppsetjing av tavler i 2024. Skilt kjøpt inn i 2022. Fundament kjøpt inn i 2023. Utarbeidd geologisk rapport i 2023 som skal nyttast ved innhaldsproduksjon.
9. Sperregjerde for beitedyr ved Storesetra i Erdalen. Gjerde vart kjøpt inn i 2022. Grind montert og gjerde oppsett i 2023. Utført.
10. Restaurering av stien til Flatsteinbu – ferdigstilling i tråd med plan for tiltaket. Stien vart ferdigstilt hausten 2023.
11. Planlegging og prosjektering innfallsport Bødalen. Planleggingsmøte gjennomført i september. Planarbeidet var planlagt gjennomført med konsulentbistand, men konsulent vart ikkje hyra inn.
12. Planlegging av fire innfallsportar i Stardalen. Prosjektet vart starta opp med planleggingsmøte i Stardalen i april. Det var planlagt å nytte konsulentbistand i prosjektet, men konsulentar vart ikkje hyra inn. Framdrifta er forseinka, bør halde fram i 2024.
13. Utbetring av sti til Haugafjellstølen. Tiltak gjennomført som planlagt.



14. Kloppelegging av sti i Erdalen. Materialar flydd ut våren 2023. Ferdigstilling må gjerast i 2024.
15. Vedlikehald av viktige bruer og stiar. Gjennomført reparasjon på bru over Tverrdøla i Sunndalen etter flaumskade sommaren 2023.
16. Omlegging og vedlikehald av stien til Flatbrehytta. Utført sommaren 2023.
17. Plan og prosjektering innfallsport Supphellebreen. Planarbeidet vidareført i samarbeid med lokale aktørar. Ny bru er prosjektert av DNT. Planskisse omarbeidd i tråd med endringar på stitrasé og ny plassering av infopunkt/utsikts plass. Prosjektet bør følgjast opp i 2024.
18. Plan og prosjektering innfallsport Bøyabreen. Bru og sti ferdig prosjektert hausten 2023. Prosjektet bør prioriterast og ferdigstillast i 2024.
19. Utbetring av sti ved utsiktspunkt Briksdalsbreen. Ikkje utført i 2023.
20. Utbetring av stien mot mot Sognskaret. Ikkje utført arbeid på denne stien i 2023.
21. Styrte beiting på utvalde innfallsportar. Ikkje prioritert i 2023.
22. Ferdselsteljing på utvalde stiar. Gjennomført i 2023. Bør følgjast opp med nye teljingar i 2024.
23. Uthenting av brurestar og skrot – Tverrdalskyrkja. Ikkje utført i 2023.
24. Uthenting av brurestar på stien Bødalseter – Fessene. Fullført i november 2023.
25. Beitesti i Langedalen på Veitastrond. Ikkje gjennomført i 2023. Bør prioriterast i 2024.

Ekstra tiltak som ikkje var med på tiltakslista for 2022.

26. Utbetring av tursti Tungestølen – Austerdalsbreen. Plandokument ferdig hausten 2022. Synfaring for å planlegge arbeidet gjennomført. Materialar til klopper og bruer er kjøpt inn i 2023. Prosjektet må vidareførast i 2024.
27. Utbetring av tursti Vetledaksseter – Infimus. Synfaring gjennomført saman med INT. Arbeid planlagt og materialar til klopper er kjøpt inn i 2023.
28. Utbetring av skilting Skålastien. Planlegging av fornying av skilt og kjøp av nye skilt er gjort. Prosjektet må ferdigstillast i 2024.
29. Enkle benkar til utsiktspunkt ved Bøyabreen. Benkar kjøpt inn hausten 2023. Oppsetjing av benkar i 2024.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Overordna føringar

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Det kom i 2019 ein ny strategi for bruk av tiltaksmidlar, gjeldande for perioden 2020- 2025. Her vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. For å minimere dei negative effektane av klimaendringar på verneverdiane, må andre negative påverknader avgrensast mest mogeleg. Døme på dette er attgroing, slitasje, forstyrringar og ureining. I tillegg bør forvaltninga av verneområde ta ekstra omsyn til klimaeffektar i planlegging av tiltak. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens



trusselbilde i verneområda. I tillegg skal skjøtsel, tilrettelegging og, etter kvart, utrulling av besøksstrategiane få midlar til godt planlagde tiltak.

I strategien står mellom anna følgjande:

"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.»

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men dei kan brukast som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartnar som tek drift og vedlikehald. Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

- 1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
- 2. Løpende skjøtselstiltak*
- 3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
- 4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
- 5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
- 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand. Miljødirektoratet presiserer i brev av 13.11.2023 at:

«Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsats, gjennomføring av tiltak og overvåking (bevaringsmål) som SNO skal ha ansvar for å utføre sjølv eller gjennom tjenestekjøp. Dette sikres gjennom planleggingsmøtene som omhandler verneområdearbeidet, og aktiv bruk av Naturoppdrag gjennom året. Det er en klar forventning om at både forvaltningsmyndighet og oppsyn bruker Naturoppdrag, både ved planlegging og gjennomføring av tiltak i verneområdene.»



Forvaltarane har enno ikkje fått tatt i bruk Naturoppdrag på ein tilfredsstillande måte, men må gjere det i samband med at alle tiltak skal leggast inn i Naturoppdrag før 10.januar 2024.

Forslag til tiltaksplan for 2024 er utarbeidd i nært samarbeid med SNO og med bakgrunn i handlingsplanen i besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021, innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret i løpet av 2023.

Nasjonalparkstyret sin frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10.januar 2024. Sekretariatet melder inn til bestillingsdialogen på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan for 2024.

Vurdering

Det kan søkjast om tiltaksmidlar til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtelsplan eller andre relevante styringsdokument.

2023 var det fyrste året med nye godkjende skjøtelsplanar for fleire område rundt Jostedalsbreen. Noko skjøtelsarbeid vart starta opp, men mange viktige skjøtselstiltak er enno ikkje starta opp. Samarbeid med lokale brukarar om skjøtselstiltak i tråd med dei nye skjøtelsplanane bør difor vere høgst prioritert i 2024 og i åra som kjem.

Det er svært mange som gjestar Jostedalsbreen nasjonalpark og innfallsportane rundt parken. Ein må difor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Også i 2024 bør utforming av innfallsportar med nye informasjonstavler/skilt og oppsetjing av desse prioriterast høgt.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021. Mange av tiltaka som er føreslått gjennomført i 2024 er forankra i besøksstrategien. Besøksstrategien omtalar mellom anna 45 innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark og aktuelle tiltak på desse innfallsportane.

I 2023 var det planlagt å setje opp mange informasjonstavler på ulike innfallsportar. Dette arbeidet kom seint i gang og mykje står att å gjere i 2023 og i åra som kjem. Deler av midlane som var sett av til føremålet vart nytta til innkjøp av betongfundament til feste av cortenståltavler. Oppsetjing av informasjonstavler i tråd med merkevaren Norges Nasjonalparker er tiltak som vil prege arbeidet til forvaltninga dei næraste åra. Erfaringar frå andre verneområde som er starta med dette arbeidet fortel oss at dette er eit kostbart og tidkrevjande arbeid. Det er difor tilrådeleg å strekkje dette ut i tid, slik det og er planlagt i besøksstrategien.

I 2024 føreslår sekretariatet å konsentrere arbeidet om utforming av innhald og oppsetjing av informasjonstavler på flest moglege innfallsportar, slik at vi får brukt mange av cortenståltavlene som vert kjøpt i 2022. Ein stor del av arbeidet vil vere kontakt med lokale aktørar som grunneigarar, næringsaktørar, kommunar m.v for å sikre god plassering av



informasjonstavler og god og heilskapleg utforming av innfallsportane. For fleire innfallsportar er det i 2022-2023 utarbeidd idéskisser for utforming av innfallsportar. Arbeidet med idéskissene er nyttig, og metoden vil vonleg vere ei god hjelp ved innfallsportar der plassering av informasjon og andre element ikkje gjev seg sjølv. Det vert tilrådd å setje av tiltaksmidlar i 2024 til oppfølging av plan- og idéskissene som no er utarbeidd for Bøyabreen og Supphellebreen. Det vert og føreslått å arbeide vidare med utforming av innfallsportane i Stardalen i 2024.

Layout til informasjonstavler vil bli kjøpt av firma med slik kompetanse, men innhaldet er det i fyrste rekkje sekretariatet som må velje ut og leggje til rette. Dette vil krevje mykje tid og tett oppfølging frå sekretariatet for å sikre at resultatet skal bli bra.

Stiltak – utbetringar m.v.

Dei seinare åra har det vorte gjennomført fleire store prosjekt for restaurering og utbetring av stiar i nasjonalparken og ved innfallsportane inn mot parken. I 2023 vart stien til Flatsteinbu ferdig restaurert. Det vert ikkje føreslått å setje i verk nye store stiprosjekt i 2024. Det er likevel viktig å setje av noko midlar til restaurering og vedlikehald av stiar og bruer som vert skadd av ras, flaum og skred, då dette er nær årvisse hendingar i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det har dei siste åra vorte sett av eit tiltak som ein samle pott for å kunne rask setje i verk tiltak når det skjer akutte skadar på stiar og bruer.

Behov for ferdselsteljarar skal også meldast inn via bestillingsdialogen til miljødirektoratet. Ferdselsregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken av stiar no men og for å sjå på utviklinga over tid.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er behov for auka kunnskap om verneområda, då eldre verneområde som Jostedalsbreen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Vi har dei seinaste åra fått kartlagt vegetasjonen i fleire dalføre i parken, ved såkalla basiskartlegging etter NiN-metoden. Det er og utarbeidd skjøtelsplanar for kulturlandskapet i fleire stølsdalar/stølsområde i nasjonalparken. Det er ynskjeleg å halde fram arbeidet med utarbeiding av skjøtelsplanar, særleg i område der det framleis er aktivt beitebruk inn i nasjonalparken, men sekretariatet føreslår at det i 2024 vert teke ein pause i dette arbeidet.

Skjøtelsplanar

I forslaga til skjøtelsplanar for Bødalen, Erdalen, Sunndalen og Tungestølen/Nystølen er det laga lister med forslag til skjøtselstiltak for kvart område. Arbeidet med å følgje opp skjøtelsplanane med praktiske skjøtselstiltak starta i 2023, men må prioriterast høgt også i 2024 og åra som kjem. Kva skjøtselstiltak som skal prioriterast i kvart område må drøftast med grunneigarar og brukarar.

Skjøtsel av kulturmark er ofte svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Nye skjøtselstiltak betyr at ein bind opp ressursar for åra framover, då det har lita hensikt å berre utføre eingongstiltak. Dette er viktig å ta omsyn til ved oppstart av nye skjøtelsprosjekt. Prioritering mellom skjøtselstiltak og område må vere fagleg forankra i skjøtelsplanen. Ved eventuelt behov for prioritering må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive brukarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.



Sekretariatet tilrår at tiltaksarbeidet i Jostedalsbreen nasjonalpark vert spissa mot noko færre prosjekt i 2024. Erfaringane frå 2023 viser at det er vanskeleg å nå over alle prosjekt på ein god måte når dei vert mange. Arbeid med å ta i bruk skjøtselsplanane for å få i gang konkrete skjøtselstiltak må prioriterast høgt. Der same må arbeidet med å følgje opp tiltaksplanen i besøksstrategien og leggje til rette innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark.

Samstundes som desse prosjekta vert prioritert må det setjast av tid til å følgje opp arbeidet ferdigstilling av utkast til revidert forvaltningsplan, slik at det kan sendast ut på høyring og vonleg vedtakast i løpet av 2024

Samla sum for alle tiltaka føreslått gjennomført i 2024 er kr **1 560 001,-**. Dette er om lag 640 000,- mindre enn det som vart søkt om og 440 000,- mindre enn summen vi vart tildelt i 2023. På bestillingsmøte 2, i februar/mars 2024, må styret gjere ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjetttramma frå Miljødirektoratet.



Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2024 – forslag i prioritert rekkefølge
datert 19.11.2023

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktører	Merknad
Skjøtselstiltak i Sunndalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Sunndalen. Samarbeid med grunneigarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. slått, gjerde og rydding av uønska vegetasjon.	70 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	Gjerde kring slåttemark, slåttarbeid og rydding av uønska vegetasjon i kulturlandskapet.
Skjøtselstiltak i Erdalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Erdalen. Samarbeid med grunneigarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. slått, gjerde og rydding av uønska artar.	70 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	Gjerde kring slåttemark, slåttarbeid og rydding av uønska vegetasjon i kulturlandskapet.
Skjøtselstiltak i Bødalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Bødalen. Samarbeid med grunneigarar og brukarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. rydding av uønska artar og opne opp naturbeitemark og hagemark.	40 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar og brukarar	Rydde og opne opp att naturbeitemark og hagemark, og beitestiane mellom desse.
Skjøtselstiltak ved Tungestølen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Tungestølen. Samarbeid med grunneigarar og brukarar om skjøtsel av kulturlandskapet, m.a. opne opp og rydding av uønska artar, rydding av beitestiar.	40 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	Rydde og opne opp att kulturtinga naturtypar, og beitestiane mellom desse.
Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	Godt tilrettelagt sti og bruer, amfi og informasjonstavler etter ideskisser utarbeida i 2022.	400 000	Tenestekjøp	Lokale organisasjonar, bygdelag	Prosjektet er i prosess med søknad til kommune og detaljplanlegging av bruer. Mykje besøk som skal få god nasjonalparkoppleving ved Bøyabreen.
Innfallspott Stardalen	I Stardalen er det fleire startpunkt inn i nasjonalparken, der Sommarkafeen er eit naturleg informasjonspunkt. Det har vore informasjonsmøte.	150 000	Tenestekjøp	Bygdelag, grunneigarar	Informasjonspunkt ved Sommarkafeen, startpunkt ved Høyseth, Haugadalen, Befringsdalen og Fonn.
Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	Noko skade etter ras i 2023. Kanalisering også viktig for geologiske verneverdiar i området.	20 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar, lokale lag, SNO og kommune	Enkle stiltak ved skade etter ras og for å kanalisere ferdsel. Utflyging av gamal bru.



Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktører	Merknad
Utforming av innhald til informasjonstavler	I besøksstrategien er det definert 45 innfallsportar. Mange er små, men dei fleste treng informasjonstavler. Innhaldet på desse kan variere frå stad til stad.	150 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, lokale lag m.v.	Det skal lagast ein hovudplakat for nasjonalparken. I tillegg må det utarbeidast temaplakatar og geografisk tilpassa informasjon.
Oppsetjing av informasjonstavler ved innfallsportar for Jostedalsbreen nasjonalpark	Av 45 innfallsportar er det mange startpunkt der det er planlagt mindre tiltak der det i all hovudsak er å sette opp nye skiltstativ etter ny merkevare. Aktuelle stader: Sunndalen, Erdalen, Fosnes, Skålastien, Bødalen, Kvame, Åbrekke, Melkevoll, Utvikfjellet, Sanddalen, Lundaskaret, Dvergsdalsstøylen, Flatbrehytta, Vårstølen, Anestølen og Fossheimsdalen	250 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, SNO	Skilt og fundament er kjøpt inn, treng avtale med grunneigar.
Etablere startpunkt i Jostedalen	Skiltoppsetjing på alle innfallsportar i Jostedalen	100 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, bygdelag, kommune, SNO	Tenestekjøp av entreprenør til å sette opp skiltstativ ved innfallsportar.
Helikoptertransport av klopper til Austerdalen og Vetledalen	Stiutbetringar på stiar i Erdalen og Austerdalen i samarbeid med Indre Nordfjord Turlag og Luster Turlag	40 000	Tenestekjøp	Indre Nordfjord Turlag og Luster Turlag	Kloppemateriell kjøpt inn i 2023.
Innfallsport Supphellebreen	Det er utarbeida ideskisser, bruprojektering og søknad til Sogndal kommune til prosjektet. Innfallsporten er eit samarbeid med bygdelag og reiselivet. NP vil særskilt vere med å bidra til stien til informasjonspunktet.	150 000	Tenestekjøp	Bygdelag, reiseliv, grunneigarar, SNO	Dette er/har vore eit samarbeidsprosjekt med lokale krefter i Fjærland, der nasjonalparkstyret er med på å delfinansiere prosjektet.
Uthenting av brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja	Det ligg att restar etter gammal bru og anna avfall ved Tverrdalskyrkja som må fraktast ut med helikopter.	20 000	Tenestekjøp og SNO	Grunneigarar, SNO	Opprydding i nasjonalparken.
Restaurering sti Lundeskaret	Ein del av stien til Lundeskaret er rasa ut. I dag er det vanskeleg å passere staden. Lengda på tiltaket er kring 15 meter, men er bratt og utsett.	30 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, turlag, kommune, SNO	Gammal ferdselsveg som vart opprusta i 2016 med midlar frå nasjonalparkstyret.



Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktører	Merknad
Vedlikehold av viktige stiar og bruer	Det er trong for vedlikeholdsmidler til stiar og bruer, då det nær årvisst skjer hendingar der det er naudsynt med akutte tiltak.	30 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, bygdelag, kommune, SNO	
Ferdselsteljing langs utvalde stiar		1	SNO	Grunneigarar	
SUM		1 560 001			

ST 43/23 Delegerte saker

RS 6/23 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Sauesank - Skarnovi - Kjell Jarle Bruheim

RS 7/23 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Sauesank - Svartebotnen - Rasmus Drageset

RS 8/23 Vedtak - Dispensasjon - Utsett frist - ferdigstilling og ekstra løyve - helikoptertransport - restaurering - sel - Sunndalsætra - Vivian Guddal

ST 44/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker